



Vest-Telemarkrådet

Høring: Nullvisjon for Vest-Telemark er lagt ut på høring

I februar 2021 vedtok Vest-Telemarkrådet at ein «startar opp arbeidet med å lage ein plan med visjonen "Null skadde og drepne ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark»

Bakgrunnen var dåverande lensmann Sigrid Dahl si orientering i Vest-Telemarkrådet 17. november 2020.

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Vest-Telemarkrådet, kommunane og politiet har arbeidd fram planen.

I møte i Vest-Telemarktinget 19. april 2022 vart det vedteke å sende planen på høring, med frist 31.8.

Kort om planutkastet

Ei viktig avgrensing i denne planen er at den skal forsterke og målrette innsatsen og samle oss om nokre felles ambisjonar og tiltak. Planen skal ikkje erstatte eller overta for det gode arbeidet som skjer i kommunane og i frivillige lag og organisasjonar i dag.

Planen skildrar korleis arbeidet med nullvisjon og trafikktryggleik er organisert – frå nasjonalt nivå til lokalt nivå. Ei fordeling av ansvar og framlegg til korleis ein følgjer opp denne nullvisjonsplanen er omtala i del 3. Her er politisk og administrativ leiing i kommunane, Vest-Telemarkrådet og fylkeskommunen viktige aktørar.

Del 4 omhandlar fakta og statistikk. Del 5 omhandlar det viktigaste – fellestiltaka. Planen legg opp til tre fellestiltak:

1. Bruke og utvikle haldningskampanjar retta mot ungdom og unge vaksne
2. Regional skyssordning på kveld og helg – «Trygt heim»
3. Innføre ordninga «nullvisjon Vest-Telemark», etter modell frå Agder

Vi sender no planen på ei brei høring, og inviterer innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og offentlege organ til å koma med innspel.

Høyringsutkastet ligg på www.vt-radet.no/nullvisjon

Høyringsfrist 31. august 2022

Innspel kan sendast til post@vt-radet.no eller Vest-Telemarkrådet, Kviteseidgata 18, 3850 Kviteseid
Høyringsinnspel blir fortløpande lagt ut på nettsidene.

Med venleg helsing

Johannes Rindal

Utviklingsleiar

Mobil: 41 44 09 28

E-post: jr@vt-radet.no